



Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Referanse
2014/319-2

Dato
06.01.2014

Massetransport på Osvegen - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 18.09.13 viste representanten Gustav Bahun (Frp) til at det for tida føregår stor massetransport langs Osvegen og at trailarar står parkert i stopplommar og hindrar annan trafikk. Bahun spurte om kva som kan gjerast med dette.

Samferdselsavdelinga sendte spørsmålet over til Lensmannen i Os om kva dei kunne gjere med dette. Lensmannen svarte i brev av 15.10.13 at politiet ved Os lensmannskontor allereie har iverksett hyppigare patrulje og kontroll av trafikken i Os kommune. Dei vil kontrollere overlast og sikring av last i samband med massetransporten, og kontrollere og bøtlegge om det vert parkert ulovleg som eventuelt hindrar eller er fare for annen ferdsel (sjå vedlegg).

Lensmannen skriv vidare at han ville oppmode fylkeskommunen eller kommunen å ta kontakt med næringa og informere om problematikken, og at arbeids- / oppdragsgjevar sannsynlegvis vil påvirke dette i positiv retning gjennom god kommunikasjon (sjå vedlegg).

Samferdselsavdelinga har i samanheng med oversendingsforslaget og svaret frå Lensmannen i Os tatt kontakt med Bybanen Utbygging, sidan utbygginga av Bybanen på strekninga Lagunen-Flesland nok har stått for ein stor del av massetransporten på Osvegen. Bybanen Utbygging viser til at prosjektleiarane på dei ulike delparsellane vil ta dette problemet opp med dei respektive entreprenørane i byggemøtene, og be om at entreprenørane gjer sine transportørar oppmerksomme på dei tilhøva som blei tatt opp i oversendingsforslaget, og som politiet viser til.



POLITIET

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201307885	Dok.nr. 2
21 OKT 2013	
Arkivnr. 812	Saksh. NGRU
Eksp.	
U.off.	

Deres referanse	Vår referanse	Dato
201307885-1/812/NGRU	2013/04525-2 322	15.10.2013

Massetransport på Osvegen - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Viser til Deres brev av 04.10.2013, ref.nr. 201307885-1/812/NGRU.

Politiet ved Os Lensmannskontor har allerede iverksatt hyppigere og økt patrulje og kontrollvirksomhet i trafikken, i Os kommune. Vi vil kontrollere overlast og sikring av last i forhold til selve massetransporten. Videre vil vi kontrollere og botelegge dersom det parkeres ulovlig og evt. er til hinder/ fare for øvrig ferdsel.

Dette er hva vi i utgangspunktet og umiddelbart vil bidra med i fht. problemstillingen.

Jeg vil også anmode om at fylkeskommunen eller kommunen henvender seg til næringen og informerer om problematikken. Arbeids- / oppdragsgiver vil sannsynlig påvirke dette i positiv retning, gjennom god kommunikasjon.

Politiet er åpen for dialog, gode innspill og godt samarbeid.

Med hilsen

Oddbjørn Dyrdal
Oddbjørn Dyrdal
Lensmann



Saksbehandler:
Oddbjørn Dyrdal
Tlf: 56303900

Hordaland politidistrikt

